

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo



**Møre og Romsdal fylke**  
FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 12458/2008/A60	Toril Eliassen Rusten, 71 25 87 12	30.04.2008

## Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune på Stjernø-utvalet si innstilling - NOU 2008:3: Sett under ett

Møre og Romsdal fylkesutval behandla i møte 28. april 2008 ovannemnde sak og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Møre og Romsdal fylke meiner Stjernø-utvalet tek fram viktige utfordringar med omsyn til globalisering, endringar i demografi, urbaniseringsprosessar og konkurranse om dei gode hovuda. Dette er utfordringar som er viktige for høgskolane i Møre og Romsdal, og som høgskolane i stor grad deler med næringsliv og offentleg verksemd i fylket. Vi er einige med utvalet at utfordringane set krav til omstillings- og tilpassingsevne.
2. Møre og Romsdal fylke vil peike på det aukande behovet for etter- og vidareutdanning og høgskolane si sentrale rolle i denne samanhengen. Vi saknar behandling av dette i utvalet si utgreiing. Det må til ei langt meir planlagt tilrettelegging for livslang læring og vidareutdanning. Studiesentra har spela ei positiv rolle lokalt i dette og denne rolla bør formaliserast gjennom rettar og plikter både for studiesentra, høgskolane og universiteta.
3. Møre og Romsdal fylke meiner at organisering av høgskolane og universiteta i landsdelsuniversitet ikkje er svaret på dei utfordringane som Stjernø-utvalet tek fram. Kvaliteten i utdanning og forskning er avhengig av at fagmiljøa ved dei einskilde høgskolane og universiteta knytter seg opp mot dei beste fagmiljø nasjonalt og internasjonalt på sine område, og ikkje bind seg til samarbeid med det næraste universitetet.
4. Møre og Romsdal fylke vil peike på at skal høgskolane og universiteta vere gode samarbeidspartnarar for regionalt arbeids- og samfunnsliv, må dei vere tett kopla opp mot dei lokale og regionale næringsklyngene og innovasjonssystema. Ei organisering i landsdelsuniversitet vil ikkje ta i vare dette omsynet.
5. Møre og Romsdal fylke meiner at dei utfordringane vi opplever i Møre og Romsdal med omsyn til globalisering, sentralisering og urbanisering, best kan møtast ved at høgskolane i Møre og Romsdal går saman. Den nye høgskolen i Møre og Romsdal, eller Universitetet i Møre og Romsdal, som vil imøtekomme utvalet sitt forslag til endra krav til akredittering av universitet, vil leggje til rette for å spisse dei fagmiljøa høgskolane har i dag som allereie er nasjonalt og internasjonalt i front. Desse fagmiljøa må utvikle sin kompetanse i samarbeid med dei beste miljøa nasjonalt og internasjonalt. Samstundes vil den fusjonerte høgskolen ha ei breidde i fagtilbodet som kan dekkje behovet for kompetanse i det særdeles krevjande lokale nærings- og arbeidslivet i fylket, samt behovet for etter- og vidareutdanning. Høgskolesenteret i Kristiansund må ha ei avklara rolle i den nye institusjonen, anten som eit frittstående høgskolesenter eller som eit integrert fjerde campus. Møre og Romsdal fylke saknar ei vurdering av forskingsinstitutta sin plass innanfor høgare utdanning og forskning. Det er viktig å avklare både arbeidsdeling og samarbeidsformer

mellom forskingsinstitutta og høgskolane/universiteta. Forskingsinstitutta har stor betydning for utvikling av det lokale og regionale næringslivet i heile landet. I Møre og Romsdal gjeld dette td Akvaforsk og Bioforsk økologisk.

6. Kunnskapsdepartementet har varsla ein gjennomgang av finansieringssystemet for universitet og høgskolar i løpet av 2009. Møre og Romsdal fylke støttar utvalet sitt råd om at basisløyvingane må bli meir gjennomsiktlege, og at ein jamnar ut ugrunna historisk skeivfordeling. Finansieringsordninga må likevel ha element i seg for desentralisert forskning ved den enkelte høgskole, og tilskots-/støtteordningar for å kunne etablere nye høgskoletilbod der dette er naturleg. Møre og Romsdal fylke peikar her på fylket sitt engasjement for eit nytt høgskoletilbod i Kristiansund N i eit samarbeid med kommune og næringsliv i området der statleg støtte m.a. til husleige er ein viktig del av den samla finansieringa.
  7. Møre og Romsdal fylke støttar forslaget om ei styrka forskarutdanning gjennom etablering av forskarskular. Det må leggjast til grunn ein modell der stipendiaten har hovudtilhald ved høgskolen og slik bidrar i forskingsmiljøet ved høgskolen.
  8. Møre og Romsdal fylke støttar utvalet sitt forslag om ein opptrappingsplan for ordninga med nærings-ph.d og utvikling av bedriftsmaster.
- ./.
- Avtrykk av saksframlegget og saksprotokollen følgjer vedlagt.

Med helsing

Olav Bratland  
fylkesordførar

Toril Eliassen Rusten  
konsulent

Kopi:  
Storingsrepresentantane frå Møre og Romsdal